**Fitjar kommune** **Møteprotokoll**

**Utval:** Formannskapet
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
**Dato:** 05.12.2012
**Tid:** 15:00

**Faste medlemmer som møtte:**

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Wenche Tislevoll | Ordførar | H |
| Agnar Aarskog | Varaordførar | AP |
| Arne Prestbø | Medlem | H |
| Lars Ove Rimmereid | Medlem | SP |
| Harald Rydland | Medlem | KRF |

**Forfall:**

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|

**Varamedlemmer som møtte:**

| Namn | Møtte for | Representerer |
|---|---|---|

**Frå administrasjonen møtte:**

| Namn | Stilling |
|---|---|
| Atle Tornes | Rådmann |
| Kristin Meland | Møtereferent |
| Halvard Wiik | Kontor- og personalsjef |
| Torgeir Steien | Fung. leiar plan og utv. |
| John Karsten Raunholm | Skulesjef |
| Anne Berit H. Johansen | Helse- og sosialsjef |
| Bente Bjelland | Kultur- og informasjonssjef |
| Trond Salmo | Økonomisjef |
| Liene Tolka | |

Wenche Tislevoll
Wenche Tislevoll
Ordførar

Agnar Aarskog

Harald Rydland

Kristin Meland
Kristin Meland
Møtereferent

| Saksnr | Innhald | Lukket |
|---|---|---|
| PS 103/12 | Godkjenning av protokoll | |
| PS 104/12 | Saker handsama etter delegering | |
| PS 105/12 | Meldingssaker | |
| PS 106/12 | Lov om endring i eigdomsskattelova | |
| PS 107/12 | Oppstart strategisk næringsplan | |
| PS 108/12 | Adresse forskrift | |
| PS 109/12 | Ordning om tilskot til etablering for vanskelegstilde | |
| PS 110/12 | Innstillingsrett til politiske utval, kommunelova § 39 nr. 2 | |
| PS 111/12 | Delegasjonsreglement for Fitjar kommune for perioden 2012-2015 | |
| PS 112/12 | Budsjett 2013 og langtidsplan 2013 - 2016 | |
| PS 113/12 | Ymse | |

## PS 103/12 Godkjenning av protokoll

**Framlegg til vedtak:**
Formannskapet godkjenner protokoll frå møte 14.11.2012

**Behandling i Formannskapet - 05.12.2012:**

**Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## PS 104/12 Saker handsama etter delegering

**Framlegg til vedtak:**
Formannskapet tek delegeringssakene til vitande.

**Behandling i Formannskapet - 05.12.2012:**

**Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## PS 105/12 Meldingssaker

**Framlegg til vedtak:**
Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

**Behandling i Formannskapet - 05.12.2012:**

**Utdelt i møte:**

Ordførar delte ut nytt framlegg til avtale vedkomande kai v/Fitjar Meieri, utarbeidd av kommunen si forhandlingsgruppe, Wenche Tislevoll (H) og varaordførar Agnar Aarskog (AP).

Økonomisjef Trond Salmo orienterte munnleg om skatteinngangen for november. Tala er ikkje verifiserte enda.

**Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## PS 106/12 Lov om endring i eigdomsskattelova

**Framlegg til vedtak:**
Fitjar formannskap rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak.

Fitjar kommune vedtek at det skal vere ei takstnemnd og ei klagenemnd for å ivareta eigedomsskatten.

Som medlemmer i takstnemnda er:
Sigurd Andre Maraas, leiar
Angunn Bårdsen, medlem
Roger Nesbø, medlem
Tom Rydland, varamedlem

NN blir valgt til ny medlem etter Sigurd André Maraas. Det må også velgast ny leiar i takstnemda etter Sigurd André Maraas.

Som medlemmer i klagenemnda er:
Jostein Prestbø, leiar
Rune Sandvik, medlem
Marianne Aarbø, medlem
Kjell Magnar Helland, varamedlem
Fitjar kommune sine vedtekter og rammer for eigedomsskatten vert justert tilsvarande framlagte forslag.

**Behandling i Formannskapet - 05.12.2012:**

Rådmannen orienterte om at vedtekter og rammer vil bli oppdatert til kommunestyret.

Formannskapet drøfta saka.
Punkta i framlegget som gjeld medlemmer i takstnemnd og klagenemnd vert trekt ut og sendt valnemnda for oppnemning av nye medlemmer til kommunestyret 19. desember.

**Tilråding til kommunestyret : (Samrøystes)**

Fitjar kommune vedtek at det skal vere ei takstnemnd og ei klagenemnd for å ivareta eigedomsskatten.

Fitjar kommune sine vedtekter og rammer for eigedomsskatten vert justert tilsvarande.

## PS 107/12 Oppstart strategisk næringsplan

**Framlegg til vedtak:**

Formannskapet nemner opp ordførar som leiar i arbeidsgruppa og nemner opp fylgjande politisk representant:

**Behandling i Formannskapet - 05.12.2012:**

Formannskapet drøfta saka og kom med slikt framlegg til politisk representant; Lars Ove Rimmereid (SP).

**Vedtak: (Samrøystes)**

Formannskapet nemner opp ordførar som leiar i arbeidsgruppa og nemner opp fylgjande politisk representant:
Lars Ove Rimmereid (Sp)

## PS 108/12 Adresse forskrift

**Framlegg til vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyre til å gjer følgjande vedtak.

Forskrift om «Adressetildeling i Fitjar kommune» dagsett 19/12 -2012 vert vedteke. Forskrift trer i kraft frå 1.januar 2013. Frå same dato vert tidlegare forskrifter på området oppheva.

**Behandling i Formannskapet - 05.12.2012:**

**Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

Forskrift om «Adressetildeling i Fitjar kommune» dagsett 19/12 -2012 vert vedteke. Forskrifta trer i kraft frå 1.januar 2013. Frå same dato vert tidlegare forskrifter på området oppheva.

## PS 109/12 Ordning om tilskot til etablering for vanskelegstilde

**Framlegg til vedtak:**
Fitjar kommune startar opp med ordninga om tilskot til etablering i eigen bustad for vanskelegstilde, og søkjer Husbanken om slike midlar første gang i 2013.

**Behandling i Formannskapet - 05.12.2012:**

**Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## PS 110/12 Innstillingsrett til politiske utval, kommunelova § 39 nr. 2

**Framlegg til vedtak:**
Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Det skal vera politiske innstillingar i alle saker til kommunestyret. Rådmannen lagar innstillingar til andre utval og råd, med unntak av innstillingar som gjeld val til politiske nemnder og råd, der innstillingsretten skal vera politisk.

**Behandling i Formannskapet - 05.12.2012:**

**Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

Det skal vera politiske innstillingar i alle saker til kommunestyret. Rådmannen lagar innstillingar til andre utval og råd, med unntak av innstillingar som gjeld val til politiske nemnder og råd, der innstillingsretten skal vera politisk.

## PS 111/12 Delegasjonsreglement for Fitjar kommune for perioden 2012-2015

**Framlegg til vedtak:**
Formannskapet legg premissane i sakstilfanget til grunn for det vidare arbeidet med delegasjonsreglementet. Desse skal fremjast i ny sak til formannskap og kommunestyre 19 desember.
Nødvendige endringar må innarbeidast i Reglement for delegering av mynde på politisk nivå, og i reglementa for kommunestyret, formannskapet, Utval for oppvekst- og omsorg og Utval for plan og miljø (hovudsakleg i § 2 i alle).

**Behandling i Formannskapet - 05.12.2012:**

**Representanten Agnar Aarskog (AP)** kom med spørsmål om nedsetjing av nemnd med ein person frå kvart parti for å jobbe med delegasjonsreglementet.
Gjeldande reglement fungerer fram til det ligg føre nytt.

Rådmannen gjorde merksam på at ein må ha eit vedtak i kommunestyret som stadfester at gjeldande reglement skal gjelda vidare. Det må dessutan delegerast iht. nye lover.

Etter drøfting i formannskapet trakk administrasjonen saka, og lagar ny saksutgreiing til 19.12.

**Vedtak: (Samrøystes)**

Det var ikkje fatta vedtak i saka.

## PS 112/12 Budsjett 2013 og langtidsplan 2013 - 2016

**Framlegg til vedtak:**

**Behandling i Formannskapet - 05.12.2012:**

**Utdelt i møtet:**
Framlegg til budsjett frå Høgre og AP

**Røysting:**
Ved røysting over rådmannen sitt framlegg til budsjett fekk dette 0 røyster og fall
Budsjett frå H og Ap vedteke med 3 mot 2 røyster (Sp og KRF) og det ligg føre slik;

**Tilråding til kommunestyret: (3 mot 2)**

Fitjar formannskap rår Fitjar kommunestyre til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre vedtek årsbudsjett 2013 med langtidsplan 2013 -2016 og investeringsbudsjett basert på rådmannen sitt framlegg med følgjande endringar:

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Tilleggsløyvingar | | | 1 250 000 | |
| | Auka eigedomsskatt - SKL - linje mot Stord | | | 200 000 | |
| | Auka inntekt (eigedomsskatt) Midtfjellet Prognose | | | 1 000 000 | |
| | Ikkje 0,5 promille auka eigedomsskatt (3 promille vidareført) | | | -628 000 | |
| | REDUKSJON | | | | |
| 1100 | Kontrollutvalet, vanleg prisstigning | | | 150 000 | |
| 1207 | Konvoluttmaskin | | | 90 000 | |
| | Barnehage - endring teljing | O & O | | 180 000 | |
| | Reinhold . til dagens nivå | O & O | | 200 000 | Verbal føri |
| | Plansjef | P&M | | 200 000 | |
| | Ikkje auka stilling kultursjef (80%) | | | 114 000 | |
| | TILTAK | | | | |
| Innt. vindkraft | Tilstandsvurdering store trær kyrkjegard | | | -25 000 | |
| Innt. vindkraft | Auka vedlikehold kyrkja, inne - ute | | | -50 000 | |
| Innt. vindkraft | Ekstratiltak sommar - park og kyrkjegard | | | -100 000 | |
| Innt. vindkraft | Strategisk næringsplan | | | -50 000 | |
| Innt. vindkraft | Plan auka sjukefråvær, pleietenestene - analyse og tiltaksplan | | | -50 000 | Verbal føri |
| Innt. vindkraft | Sentrumsutvikling - stakittgjerde, strandpromenade | | | -200 000 | Verbal føri |
| | I BUDSJETT | | | | |
| Innt. vindkraft | Auka vedlikehold | | 440 000 | | |
| Innt. vindkraft | Adresseprosjekt | | 100 000 | | |
| Innt. vindkraft | Trafikksikringsplan | | 75 000 | | |
| Innt. vindkraft | Planarbeid | | 200 000 | | |
| | **OVERSKUDD BUDSJETT** | | | **2 281 000** | |
| | Overskudd vindkraft | | | 2 010 000 | |
| | Overskudd budsjett utan inntekt vindkraft | | | 271 000 | |

REDUKSJON INVESTERING 2013
Vidare fornying av lærar Pcar, elevmaskinar (rest 200 000

| | |
|---|---|
| 300 000) | |
| Inventar skule | 200 000 |
| | **400 000** |

| | |
|---|---|
| TILLEGG INVESTERING 2013 | |
| Gatelys Sælevik (på eksisterande fundament) | 100 000 |
| Gatelys Øvrebygda (halvdelen av kostnad, HFK;200.000) | 200 000 |
| Gatelys Vestbøstad (på eksisterande fundament) | 100 000 |
| | **400 000** |

| | |
|---|---|
| **INNTEKT EIGEDOMSSKATT MIDTFJELLET** | |
| 2.300.000 + 1.000.000 (PROGNOSE) | **3 300 000** |

*Alle postar under gjeld for 2013 - ikkje vidareført i langtidsplan*

| | | |
|---|---|---|
| Tilstandsvurdering store trær kyrkjegard | -25 000 | |
| Auka vedlikehold kyrkja, inne - ute | -50 000 | |
| **Frå ordinert budsjett** | | |
| Auka vedlikehold | -440 000 | |
| Adresseprosjekt | -100 000 | |
| Trafikksikringsplan | -75 000 | |
| Regionalplan | -200 000 | |
| Strategisk næringsplan | -50 000 | |
| Plan auka sjukefråvær, pleietenestene - analyse og tiltaksplan | -50 000 | Verbal føri |
| Ekstratiltak sommar - park og kyrkjegard | -100 000 | |
| Sentrumsutvikling - stakittgjerde, strandpromenade | -200 000 | Verbal føri |
| **OVERSKUDD - INNTEKT VINDKRAFT** | **2 010 000** | |

## PS 113/12 Ymse

**Framlegg til vedtak:**

**Behandling i Formannskapet - 05.12.2012:**

Ordførar orienterte om;

1. Norske Fjordkommunar, invitasjon til medlemsskap. Fitjar kommune takkar nei.
2. LNVK - Landsforening for Norske Vindkraftkommunar, auke i medlemskontingenten p.g.a. at vindmøllene er sett i drift, og kontingenten er knytt til produksjon.
3. Møtegodtgjersle for arbeidsgruppe seniorsenter. Det er stilt spørsmål om dei skulle få r møtegodtgjersle for møter i arbeidsgruppa for seniorsenter.
   Formannskapet drøfta saka og går ikkje inn for å gje møtegodtgjersle til slike friviljuge nemnder. Dette bør for ettertida væra avklara på førehand.
4. Attkjøp av eigedom i Håkonar Næringspark.

5. Utsett frist for kultur- og næringspris er sett til 10. desember.

**Vedtak:**